



Nordfjord vassområde

Arbeidsutvalet for Nordfjord vassområde

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
14/15411

Dato

15.12.2014

Møte arbeidsutvalet for Nordfjord vassområde 11.12.2014

Møtet fann stad på Bryggen hotell, Nordfjordeid, 11.12.2014 kl 9.30 – 11.40.

Desse møtte:

Bjørn-Henry Marthinussen, Bremanger kommune

Jostein Moldestad, Gloppen kommune

Kristian Nave, Selje kommune

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune

Stanislawa Voldsund, Eid kommune

Odd Rønningen, Stryn kommune

Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Forfall:

Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Thor Ove Farsund, Jølster kommune

Sak 7-2014 Overvaking jordbruk/spreidde avløp v/ Asplan Viak

Drøfting av innhald i rapportutkast (sendt med epost 04.12.). Det var sams oppfatning at rapporten på ein god måte dokumenterer graden av påverknad frå jordbruksareal, punktkjelder frå jordbruk, separate avløp og kommunale avløpsanlegg opp mot naturlege bakgrunnsverdiar. Resultata støttar seg på data frå overvaking (tidlegare og i dette prosjektet), synfaringar og intervju på gardsbruk og private avløpsanlegg, informasjon frå jordbrukskontor i kommunane, samt ulike utrekningar basert på kartgrunnlag m.m.

På møtet vart det semje om følgjande tilbakemelding til Asplan Viak:

1. På spørsmål om det er i orden å ta med bilder i rapportene, der ein kan identifisere gardsbruk/eigedom med regelstridig handtering av avløp, silopressaft, gjødsel, var det semje om: Det er greit å ta med bildene i utkasta, samt namn på kommune, elv, berre ikkje namn m.m. som kan identifisere gardsbrukar/eigar.
1. Lister over registreringar på enkeltgardsbruk/private avløp skal ikkje takast med i rapportene. Listene skal derimot oversendast angjeldande kommune og prosjektleiar

med epost. Kommunane tar stilling til vidare handtering og evt unntak frå offentlegheit.

2. Tilføyning til skildring av tiltak med gjødselrike soner: virkemiddel, dvs evt lovheimel for pålegg, tilskotsordning, frivillig tiltak.
3. Tiltaket med redusert bruk av husdyrgjødsel er problematisk, då det vil kunne innebære redusert tal dyr, og dermed redusert inntekt. Meir realistisk tiltak er betre fordeling av husdyrgjødsel på heile arealet, dvs også leigeareal og avsidesliggende areal, og mindre spreiding der faren for avrenning til elv og innsjø er størst.
4. Det er ønskeleg med lett tilgjengeleg informasjon om tiltak for å unngå ureining frå jordbruk med lenke frå kjende nettstader.

Rapporten er planlagt ferdigstilt i 2014. Rapporten vil bli eit godt grunnlag til å vurdere og gjennomføre tiltak for å betre økologisk tilstand i elvar og innsjøar. Kommunane kan på bakgrunn av endeleg rapport spele inn nye tiltak til regional forvaltningsplan og tiltaksprogram som er på høyring til 31.03.2014 (Sak 9-2014).

Det vart drøfta å tinge Asplan Viak til å presentere prosjektet for Vassområdeutvalet på møte i januar.

Sak 8-2014 Vidareføring av prosjekt og felles prosjektleiar med Sunnfjord VO.

Framhald av prosjekt/prosjektleiar. Fylkesutvalet behandla saka 24.09.2014 (Sak 14-4581-9). Status er at stilling ikkje er lyst ut. Uvisst om stilling blir lyst ut før ein har vedtak frå kommunane om finansiering. Fylkeskommunen har henta inn opplysningar frå vassområda om kostnadsfordeling som er nytta til no. Noverande prosjektleiarstilling går ut 31.12.2014.

Innspel frå Jølster kommune v/ Thor Ove Farsund: Som medlem i to vassområde støttar at det vert ein felles prosjektleiar for vassområda. Finansiering må vi komme attende til.

Leiar, Anders Ryssdal, ønsker møte i Vassområdeutvalet i midten av januar for å drøfte situasjonen.

Arbeidsutvalet fastsette møtedato for Vassområdeutvalet til 22.01.2015.

Sak 9-2014 Høyring av Regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram

Oversendingsbrevet, side 2, gir ein god oppsummering av kva ein spesielt ønskjer innspel på. Gå spesielt igjennom tiltaka der kommunen står som ansvarleg styresmakt og/eller tiltakshavar. Spele inn evt rettingar og oppdateringar.

Miljømål, tiltak m.m. står i vedleggstabellar til tiltaksprogrammet (vedlegga til denne eposten fungerer betre enn tilsvarande på vannportalen). Her står alle vassforekomstar i risiko oppført, med ei linje pr påverknad.

Tabellen finst i tre utgåver:

- A) PDF-utgåve – her må du bla deg ned gjennom alle vassforekomstar i fylket med risiko for ikkje å oppnå standard miljømål innan 2021.
- A) Excel-ark, «Samleark» (fullstendig utgåve. Du kan nytte «filterpilane ved kolonneoverskriftene til å velje kommune, påverknad m.m.)
- B) Excel-ark, «pdf.papirtabell» (same innhald som PDF-utgåva, men her kan du velje ut kommunar, vassområde, påverknadstype m.m. ved å bruke «filterpilane» ved kolonneoverskriftene)

Ordforklaring miljømål:

GØT = God økologisk tilstand, dvs standard miljømål, der ikkje unntak er vedtatt.

GØP = God økologisk potensiale. Betyr at vassførekomsten er utpekt som sterkt modifisert (Vassforskrifta §5). Miljømål blir sett individuelt for vassføreke (til dømes «Fungerende økosystem», «Levedyktig bestand av innlandsaure» osv.

MSM = Mindre strenge miljømål (Vassforskrifta §10) – Nasjonale føringer tilseier at dette kun gjeld vassdrag som er tørrlagde pga regulering.

Årstal viser når miljømålet er venta å bli oppnådd. Normalt er dette 2021, men kan vere utsett til 2027 eller 2033 (dvs utgangen av dei 2 påfølgjande forvaltningsplanperiodene), med heimel i Vassforskrifta §9.

Følgjande merknad kom fram på møtet:

Liste over tiltak på den enkelte vassførekomst ligg berre som vedlegg til tiltaksprogrammet, og kan difor bli oversett ved høyringa. Det er desse tiltaka som kommunane vil bli målt opp mot, og skal rapportere framdrift i høve til, under gjennomføringa av tiltaksprogrammet.

Eid kommune har handsama høyringsinnspel i kommunestyret 11.12.2014 (Sak 134/14).

Jølster kommune har handsama og komme med fråsegn til Regional plan for Vassforvaltning. Vedtaket gjort av utval for plan og utvikling 29.10.2014 (Sak UPU-096/14).

Sak 10-2014 Støtteordningar for kommunar til vassforvaltningsarbeid

Rundskriv T-1/14 (www.regjeringen.no) om tilskot til fisketiltak, vassmiljøtiltak, grunn og sjøbotn frå Miljødirektoratet / Fylkesmannen. Søknadsfristen er 15. januar 2015.

Saka vart tatt opp summarisk på møtet. Den enkelte kommune kan vurdere å søke om midlar. Prosjektleiari ser seg ikkje å ha kapasitet til å bidra til dette.

Staffan Hjohlman

Ref.

Mottakarar:

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune
Jostein Moldestad, Gloppen kommune
Kristian Nave, Selje kommune
Thor Ove Farsund, Jølster kommune
Stanislawa Voldsund, Eid kommune
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Kopi til:

Sigmund Larsen, rådgjevar Bremanger og Vågsøy kommune
Nordfjord Vassområdeutval med vararepresentantar
Referansegruppa for Vassområde Nordfjord